

Årsmelding for 2011

Styret i Sandsøy idrettslag:

Leder: Anne Bjørg Bringsvor

Nest leder: Tor Arne Bringsvor

Kasserer: Svein Helge Bringsvor

Sekretær: Anders Bringsvor

Styremedlem: Bjørn Baade

Vara medlemmer: Lisbeth Helland og Oddbjørg E. Olsen.

2 styremøter.

Idrettslaget har 61 medlemmar, derav 22 personar med tillitsverv.

Økonomien i idrettslaget er god, overskotet vart på ca. 85000,-.

Viser til rekneskapen for meir detaljer.

Medlemskontingent i idrettslaget for 2011 var slik:

- barn 50,-
- voksne 100,-
- familie 200,-

Det blei ikkje kravd treningsavgift i år.

Årets aktivitet

Fotballgruppa

G 8 og G 11 i samarbeid med Kvamsøy.

G 8 har vore på fire turneringar (Gursken, Dalsfjord, Moltu, Tjørvåg), ingen heime.

G 11 har spelt serie med seks kampar borte og sju heime (tre på Kvamsøya og fire på Sandsøya). Har i tillegg vore med på Gursken Cup og Tare Cup.

Trener og oppmann var Svein Helge, Jarle Støylen var også trenar for G 11.

Avslutningsfest på Rosenlund for begge laga 29. november.

Trimgruppa

Trimbøker 2011:

Det har vore brukt dei same 8 postane som tidlegare år, pluss Hellandsfjellet som er ny av året. I år som i fjor har vi premiar til dei 9 med mest poeng på kvar topp, pluss premie til den trimmaren med mest poeng og som samtidig har vore på alle toppane.

I tillegg får alle barn fødd 1996 og tidlegare ein premie (turkopp), dersom dei har vore på alle toppane og i tillegg oppnådd desse poenga:

0-3 år 21 poeng

4-7 år 27 poeng

8-15 år 32 poeng

Her er vinnarane på kvar topp:

Kletten:	Kjell Toftesund	328
Rinden:	Anders Bringsvor	141
Kleiveneset:	Tor Arne Bringsvor	63
Dollsteinen:	Inge Skare	74
Grøntua:	Anders Bringsvor	75
Hellandsvågane:	Arnvald Bringsvor	75
Hellandsfjellet:	Heidi Våge	43
Voksahaugen:	Monika Flatøy	123
Trollhola:	Jan Bugge	8

Poengetoppen samanlagt ser slik ut:

1. Anders Bringsvor 1167 poeng
2. Eirik V. Bringsvor 823 poeng
3. Arnvald Bringsvor 386 poeng

7-toppsturen og marsjen på langfredag har blitt ein tradisjon, og i 2011 var det flott ver og rekorddeltaking. 182 starta på 7-toppsturen, medan 62 gjekk marsjen rundt Vågen.

Joar Moldskred var raskaste mann med tida 1.45.46, med Eirik Voksøy Bringsvor på 2. plass med tida 1.52.00. Blant damene var Åse Iren Sætre, Ørsta raskast med tida 2.16.20. Dina Mølmen kom på 2. plass med tida 2.52.20.

Nissemarsjen gjekk i desember med 26 deltakarar. Marsjen gjekk frå Oshaugane, inn i Voren og tilbake.

Dametric på skulen to kveldar i veka. Der har det møtt opp alt frå 2 til 7 stk, der er plass til fleire ...

Andre aktivitetar på Oshaugane stadion

28. januar: Fotballkamp mellom Voksa og Kvamsøy

26. mars: Seniorkamp mellom Kvamsøy og Larsnes/Gursken2 (treningskamp)

18. juni: Grendacup i fotball for herrar/gutar med lag frå Voksa, Larsnes og Åram

20. juni: Skulen arrangerte aktivitetdag.

14. oktober: Seniorkamp mellom Kvamsøy og Bergsøy 2 (siste seriekamp i flomljøs)

Diverse saker

Kong Arthur-helga 2011

Samarbeidsprosjekt mellom idrettslaget, hornmusikken, ungdomslaget og Fiskarheimen. I hovedkomitéen stilte Anne Bjørg for oss. Vi hadde ansvar for rigging av telt, trafikkdirigering og camping. Helgas aktivitet gav 25000,- i klubbkassa.

Nytt dekke i ballbingen

Dekke i ballbingen vart skifta i mai. Meget bra resultat. Vi fekk tilsegn på 30.000 frå Sande Næringsforum og 30.000 frå Sparebanken Møre. Dei resterande 2700,- måtte idrettslaget ut med sjølv.

Samarbeidsavtale mellom Sandsøy IL og Sparebanken Møre

Gjeldande for 2011 og 2012. Inneber mellom anna logo på overtrekksdrakter og speledrakter, flagg på stadion ved større arrangement, ½ side annonse på 7-toppstartnummera og reklame (streamer) på trimpostane.

Hjertestartar

Vi søkte Sparebanken Møre om gratis hjertestarter inkl. kurs.

Ansvar, tilsyn og oppfølging er ei stor utfordring, som vi satsa på å løyse om søknaden blei innvilga. Vi blei dessverre ikkje trekt ut.

Styret i Sandsøy idrettslag

Hovedsamarbeidspartner 2011:



SPAREBANKEN MØRE